



# ÅRSMELDING 2015

## ÅRSMELDING

### IL JOTUN ALDERSBESTEMT HANDBALL

for perioden

1. januar 2015 til 31. desember 2015

## PÅ VEG MOT HUNDRE!



Postadresse  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
E-Post  
post@iljotun.no

[www.iljotun.no](http://www.iljotun.no)

Bank  
3730.25.00208  
Foretaksregisteret  
975 702 308

**1 STYRET SI SAMANSETNING FRÅ 16.02.2015 TIL 15.02.2016**

Leiar:	Bente Sissel Myrland
Nest leiar	Birgitte Thomassen
Sportsleg leiar:	Yvonne Finneboten og Marita Lindborg
Økonomileiar:	Ruth Marit Saur
Styremedlem	Therese Moen
Styremedlem	

**2 GRUPPER – UTVAL – KOMITEAR**

Sportsleg utval:

Basarnemnda: Børre Øvstetun, Therese Moen, Ruth Marit Saur, Yvonne Finnebotn, Marita Lindborg, Bente S Myrland.

Ansvar minihandball: Mette Kleiva, Hilde Kvåle Skarsbø, Monica Offerdal Røneid

Ansvar for kiosk/lager og kamparrangement: Tildelt J-11/12

**3 MØTE, ARRANGEMENT OG ANDRE AKTIVITETAR**

Styremøte:

Styret har hatt 8 møte i perioden frå 12.01.2015 – 02.12.2015. Det har også i år vore større kontakt pr. mail og tlf. enn tidigare og færre møter. I tillegg har styret hatt fleire møter saman med styret for Åtil grunna samarbeidslag.

Andre møte:

Det har vore halde eit møte med trenarar og eit møte med støtteapparatet før sesongstart.

Tal inntektsgjevande arrangement:

**Kamplotteri:** Det har vore organisert 5 kamplotteri i samband med 3.divisjons-kampane, 3 på våren og 2 på hausten.

**Basar:** Den årlege basaren vart gjennomført 09.12.15.

**Bøsseberarar:** I den årleg TV-aksjonen stilte aldersbestemt handball med fleire bøsseberarar. Det var foreldra til J13 år som hadde ansvaret for dette.

**Haustmyldring:** Handelstanden har i 2015 ikkje arrangert haustmyldring.

BSM

<b>Postadresse</b>	<b>Besøksadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Bank</b>
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	<b>E-Post</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Foretaksregisteret</b>
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



## Aktivitetar:

### **Turnering:**

Dei yngste laga deltok på Ål-cup og dei eldste var på Storhamar Cup.

### **Minihandball:**

3. – 4. klassingane har hatt tilbod om å delta på tre minihandballturneringar denne sesongen i Årdalshallen, Tangenhallen, og i Aurland.

## **4 SAKER OG SPONSORAR**

### **Sponsorar:**

Følgjande verksemdar er IL Jotun Handball sine hovudsponsorar:

- Indre Sogn Sparebank (felles med hovudlaget)
- Årdal Energi KF (felles med hovudlaget)
- Årdalsnett (felles med hovudlaget)

Aldersbestemt handball er blitt støtta med gåver til basar og kamplotteriet frå fleire bedrifter. Vi ønsker å takke alle bedrifter og næringsdrivande som har støtta oss.

## **5 MEDLEMSTAL**

Betalte medlemmar i 2014 i handballgruppa er 117 mot 116 førre året.

Me merker at det er færre ungar i handballen no enn for nokre år sidan, og J11-12 og J14-15 har spelt saman denne sesongen. På gutesida har G11-12 tilbod saman med Åtil . G13 er også så få spelarar at dei spelar saman med G14.

BSM

<b>Postadresse</b>	<b>Besøksadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Bank</b>
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	<b>E-Post</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Foretaksregisteret</b>
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308

**TRENARAR/STØTTEAPPARAT/ORGANISASJON**

Desse er trenarar og støtteapparat for dei aldersbestemde laga:

Lag	Trenar	Oppmann	Foreldre-kontakt
J10	Heidi Svori / Kjetil Einan	Bente Sissel Myrland	Gry Hestetun
J11/12	Therese Læg Reid / Hilde Midtun	Marianne Sandvik	Marianne Vee Hellebø
J13	Harald Husabø	Ellen Veum	
J14/15	Ramona Szabo / Katalin Zamolyi	Therese Moen	Anita Nesse
G10	Jim Midtun / Odd Børge Nundal	Per Inge Bale	Per Inge Bale
G13/14	Olafur Sveinsson	Monica Bale, Kari Larsen, Monica Røneid	Monica Bale, Kari Larsen, Monica Røneid

Det er i løpet av sesongen utarbeida følgjande lister:

- oversikt over alle trenarar og støtteapparat med epost-adresser og telefonnummer.
- laglister med kontaktinformasjon til føresette.
- arrangementsliste for heimekampar.
- Informasjonsbrosjyre om IL Jotun aldersbestemt handball

For at arbeidsoppgåvene til "Oppmenn" skal verte meir oversiktlege, vart "Oppmanns-permen" oppdatert og levert ut til alle på oppmannsmøte i haust. Permen inneheld og ein mal for "dugnadsoppsett".

**6 UTDANNING**

Vi har i år hatt opplæring på kva oppgaver som skal gjerast når ein sit i sekretariatet under kampar.

Det har vore 2 personer på dommarkurs 1 i haust og 14 stk på banekampleder.

Vi har ikkje lukkast med å få til trenar kurs i 2015, foreldra er svært opptekne, og hallen har i år vert oppteken kvar helg etter haustsesongen starta.

Det har ikkje vore gjennomført keepertrening for aldersbestemt i år.

Det er plan om å få gjennomføre 2-3 treningar i løpet av siste halvdel av sesongen.

**7 REPRESENTASJON**

Bente S Myrland har vore på to sonemøte i regi av Handballforbundet, Region Vest. Eit i Skei og eit i Leikanger.

<b>Postadresse</b>	<b>Besøksadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Bank</b>
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	<b>E-Post</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Foretaksregisteret</b>
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308

BSM



## 8 SPORTSLEGE RESULTAT

Jotun kan syna til gode sportslege resultat i 2015 for både store og små.

Kvart lag har skreve nokre ord om laget sitt – sjå vedlegg.

## 9 ØKONOMI

Aldersbestemt og senior har samarbeid på det største arrangementa - basaren. Sal av kamplotteri under 3.div kampar er det aldersbestemte som har ansvar for.

Alle kostnader igjennom året har vorte nøye vurdert, og ein har rimelege løysingar for reise. På bortekampar køyrer foreldre på dugnad og på lengre turar nyttar vi jotun-bussen, så sant dette er mulig.

## 10 ANLEGG

Hovudarenaen for trening og kampar er Årdalshallen.

Når det gjelder tildeling av halltimer så bør dette vera klart til 01.august eller seinast ved skulestart. Dette fordi yngste laga startar opp med sin trening når skulen startar opp att. Tildeling av halltimar som blir ledige i løpet av året, må det etter vårt syn lagast retningslinjer for. Handballgruppa må ha prioritet når det gjeld bruk av Årdalshallen i handballsesongen.

## 11 OPPGÅVER I ÅRET SOM KJEM

Det er viktig å arbeide vidare med og utvikla handballgruppa som organisasjon.

Laget må prøve å legge ut litt meir info på heimeside i år - [www.iljotun.no](http://www.iljotun.no). Dette gjelder både bilder og litt info om laget.

Kontakten mellom trenarar må betrast ved å auke aktiviteten i trenarforum.

Skal ha meir fokus på trenarutdanning. Vi har gjennomført Trenar 1 kurs (2014) og planlegger Trenar 2 kurs.

I tillegg må det jobbast vidare med følgjande punkt:

- Inntektsbringane tiltak
- Haldningar (hjá trenarar, foreldre og spelarar)
- Gjennomføra sportsleg plan

BSM

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	E-Post	Telefaks	Foretaksregisteret
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308

**12 SPELARUTVIKLING**

I 2015 har vi hatt fleire utøvarar med på ulike talentsamlingar regionale utviklingsamlingar (RUM) og sonesamlingar (SUM).

**13 SAMARBEID**

Aldersbestemt handball har på alle trinn samarbeidslag med Åtil. Årsaka til dette er stadig mindre kull. Samarbeidslaga våre har fungert godt, og vi har positive tilbakemeldingar frå utøvarar og trenarar. Begge styra er godt nøgd med samarbeidet.

IL Jotun Handball aldersbestemt ynskjer å takke sponsorar, gode støttespelarar, trufaste hjelparar og andre som har stilt opp i året som gjekk. Skal me lukkast med vidare satsing på topp og breidde innan handballsporten i Årdal, er me heilt avhengige av dykk.

*TAKK!*

**Vedlegg**

1. Aldersbestemde lag: Sportslege resultat

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308

*BSM*

## Årsmeldinga 2015

### Sportslege resultat - aldersbestemt sesongen 2015/2016

Vedlegg 1 v/kvart av laga:

#### J10

Trenar: Heidi Svori / Kjetil Einan

Tal spelarar: 10



J10 har hatt trening på torsdagar 16.30- 18.00. Me er 10 spelarar, og det har vore veldig godt oppmøte på treningane. Trenaren får alltid beskjed dersom det skulle vere fråfall. Jentene er ivrige og læreviljuge, og har hatt ei god utvikling denne sesongen. Me har trent mykje på grunnleggjande dugleikar som kast/mottak, ta imot ball i fart og å få tempo i pasningsspelet.

Jentene har vore ivrige på å spele kamp, og også dette har gått bra. Det har stort sett vore jamne kampar, og jentene har til no tapt kun ein kamp.

Me samarbeider med 2006- jentene på tangen, og alle jentene våre har rullert på å vere med når dei har spelt kamp. Dei er ofte knapt med spelarar. Tangen har og vore å trent med oss nokre torsdagar.

Fokuset på både treningar og kampar er at jentene skal få gode opplevingar. Dei får så lik speletid som mogleg, og dei får prøve seg på ulike posisjonar på bana. Høgdepunktet blir ÅL- cup siste helga i april. Heidi Svori og Kjetil Einan har vore trenarar.

**Postadresse**

IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**

Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon****Telefaks****Bank**

3730.25.00208

**Foretaksregisteret**

975 702 308

BSM

**J11-12**

Trenar: Therse Læg Reid / Hilde Midtun

Tal spelarar: 11



Starta sesongen med friskt mot etter kjempeflott innsats under ÅL-CUP 2015, da me fikk ein 2. plass etter tap i finalen mot Siggerud 5-4. Grunna usikkerhet rundt tal spelarar, valgte vi i år å stille eit lag i jenter 12. Vi er 11 (4 i 2003 og 7 i 2004)ivrige jenter med godt oppmøte på treningane. Nokon har dessverre falle frå, da jentene er ivrige i ulike idretts- og kulturaktiviteter.

Vi har treningar mandager og onsdager, og har til no spela 8 kamper. Det har dessverre vorte ein del tap, men det er likevel godt humør i spelargruppa.

Oppmann og foreldrekontakt fungerer veldig bra, og elles ivrig foreldregruppa som bidrar ved behov.

**J13**

Trenar: Harald Husabø

Tal spelarar: 15



Vårsesongen:

Me starta opp vårsesongen, der me slapp før nyttår. Mange tette kampar og gode resultat. Laga enda på 2 og 3 plass på tabellen som er svært bra. Jentene har vore ivrige på trening og hatt god utvikling gjennom året.

Vi har øvd inn faste bevegelser som jentene lukkast med i kamp som er veldig kjekt.

Me avslutta sesongen 2014/15, med turnering på Ål. Der me gjorde ei god turnering med 2 seierar og 1 tap, 2 plass i pulja. Det var ein veldig kjekk og sosial tur.

Håpar alle jentene fortsett i neste sesong. Me har veldig gode erfaringar med samarbeidet Jotun /Åtil!!

BSM

**Postadresse**

IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**

Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon****Telefaks****Bank**

3730.25.00208

**Foretaksregisteret**

975 702 308



**Haustsesongen:**

Litt forandringar på trenar sida i denne sesongen. Tonje og Vanja har trekt seg. Inn har me fått Mette og Merete som hjelper til når trenarane er opptatt, og elles ved behov. Me har 15 aktive jenter med. To lag som i fjor, men i denne sesongen er begge laga totalt miksa, uavhengig om du er «øvring» eller «tanging». Altså ingen ``hovudstamme`` med Jotun eller Tangen- spelarar. Dette for å skape eit godt miljø i gruppa blant jentene, og få vekk Øvre/Tangen trollet!!

**Treningstider :** Måndagar i Øvre frå kl 16.00-17.30, Onsdagar på Tangen frå kl. 18.00-19.30. Jentene har og tilbod om å trene med J14/15 fredagane kl 16.30 i Øvre. Trenarar og foreldre står for køyringa.

Jentene syner speglede og er lærevillige, noko som gjenspeglar seg i resultat i kampar. Legg ved tabellen (pr 10/01/16).

Nr	Lag	K	V	U	T	Mål	P
1	<a href="#">Jotun/Årdalstangen 2</a>	9	6	1	2	88 - 82	13
2	<a href="#">Jotun/Årdalstangen</a>	9	5	2	2	92 - 83	12
3	<a href="#">Bjørn (D)</a>	7	5	1	1	72 - 54	11
4	<a href="#">Førde</a>	8	5	1	2	103 - 76	11
5	<a href="#">Høyang</a>	7	4	1	2	73 - 55	9
6	<a href="#">Syrl</a>	6	1	1	4	50 - 65	3
7	<a href="#">Vik</a>	8	1	1	6	75 - 95	3
8	<a href="#">Høyang 2</a>	8	0	0	8	56 - 99	0

**Sosiale treff:** Me arrangerte ein dagstur for spelarane og foreldre til Gjøvik og Møbelringen cup 28. Nov. Dette vart veldig populært, alle 15 spelarane blei med, og me var 10 vaksne . Me reiste med to minibussar. Hovudkampen me skulle sjå var Norge – Nederland. Me var og heldige og fekk med oss Hege Bakken Walqvist sin rekruttlandslagskamp mot Island. Etter kampen fekk me treffe Hege, ta bilde og prate litt. Dette var ein enkel tur å organisere, så dette vil nok me prøve på til hausten og.

**J14-15**

Trenar: Ramona Szabo / Katalin Zamolyi

Tal spelarar: 13



Vi begynte sesongen med 15 jenter. Per dags dato (29/01) har vi ei treningsgruppe på 13 jenter. 2 jenter sluttet og 1 har kommet til. Ut av de 13 spillerne, er 4 jenter født i 2000 og resten i 2001. Om fredagen har J13 mulighet å trene med oss. Laget deltar i J15 serie.

<b>Postadresse</b> IL Jotun Postboks 65 6882 Øvre Årdal	<b>Besøksadresse</b> Jotunhuset, Øvre Årdal <b>E-Post</b> post@iljotun.no	<b>Telefon</b>  <b>Telefaks</b>	<b>Bank</b> 3730.25.00208 <b>Foretaksregisteret</b> 975 702 308
--	--	---------------------------------------	--

BSM

Vi trener 3 ganger om uken og i tillegg tilbyr vi jentene styrke/stabilitets trening om helgene. Fleste jenter spiller fotball i tillegg, så i begynnelsen var det svært utfordrende og holde trening med bare 5-6 jenter og gjøre dem klar og spille dem sammen før seriestart. Etter fotballsesongen var ferdig, var det flere og flere treninger som blei gjennomført med nesten fulltallige og kvaliteten av treningene øket mer og mer.

Stor del av treningen blei brukt på å få jentene i bedre kondisjon og forbedre deres styrke, samtidig blei det lagt masse vekt på å forberede deres basis spilleforståelse. Den siste kamp ( 24.01.16) viser også hvor vi spiller mot et av de beste lag i vår serie og spilte like opp med dem at jentene er godt på veg både fysisk og håndballmessig.

Spillernes fokus og motivasjon er framleis svingende. Vi prøver å holde deres motivasjon oppe med variert trening, nye øvelser fra gang til gang, samtidig passer på at de har det moro på trening (til en vist grad)☺ Ingen hemmelighet at vi setter stor krav til spillerne☺ men etter forbedret fysiske testresultater og positive utvikling på kampene ser vi større motivasjon på jentene.

Nå i det siste har vi begynt å spille treningskamper mot G14. De kampene utfordrer spillerne å bruke mer fysikk, jobbe med utholdenhet samtidig som det krever mer fokus og konsentrasjon og ikke minst gir mer kampefaring.

Jentene sliter med selvtillit og vilje til å prøve seg fram. Det blir også lagt masse vekt på å hjelpe dem med dette, og vi ser allerede utvikling.

Vår oppmann, Therese Moen gjør en veldig god jobb. Hun er veldig fink til å ta på seg alt de informative ,og er flink til å delta i tinga som skjer. Takk for den gode innsats, Therese! ☺

**G10**

Trenar: Jim Midtun / Odd Børge Nundal

Tal spelarar:



Trenarar : Jim Midtun og Odd Børge Nundal

Oppmann : Per Inge Bale

Vi starta sesongen med 6-7 spelarar og er no komen opp i ca. 10 på treningane.

Treningane starta i slutten av september og vi trener 1 ½ time pr. veke.

BSM

**Postadresse**IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal**Besøksadresse**Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no**Telefon****Telefaks****Bank**

3730.25.00208

**Foretaksregisteret**

975 702 308

Gutane har blitt meir og meir motiverte på treningane etter som oppmøtet har vorte betre, samt at det er enklare for oss trenarar å få til eit godt og trivelig opplegg når vi blir fleire . Vi prøver å få til ei ramme rundt treninga der lek og moro skal stå i fokus, men som og er handballrelatert. Ein ser at spelarane utviklar seg trening for trening.

Laget var meldt på i G10 serien i Sogn, men då sesongen skulle starta hadde 6 lag trekt seg frå seriespel slik at denne vart kansellert. Laget har som erstatning fått delta i turneringspel i Sunnfjord og denne går over 3 helgar. Der har vi så langt møtt lag frå Dale, Førde, Florø og Askvoll Holmedal. Kampane har vorte arrangert i Førdehuset og laget har gått seirande ut av alle ☺. Det er moro å sjå at gutane prøver ut kombinasjonar, finter og liknande som vi trenar på.

Laget er og så heldig å ha ein oppmann med sertifikat på stor buss, slik at vi har vore i same buss til og frå kampane og som er veldig sosialt. All kredit til Per Inge som stiller.

Dei tre siste kampane som gjenstår er i Trivselhagen mot Sandane og Breimsbygda.

Vi har meldt på laget til Ål Cup som går av stabelen den siste helga i April.

Til neste år så må vi ta ein vurdering på kva vi skal gjere mht seriespel, for med 3 helgar i løpet av ein heil sesong så blir det for lite kampar.

## G11/12

### Trenar med Åtil



**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308

BSM

**G13/14**

Trenar: Olafur Sveisson

Tal spelarar: 17



Året så langt har vært ein brakende suksess for G14

I dag har vi 14 gutter som trener regelmessig to ganger i veka og enkelte tre ganger. Opprinnelig skulle dette tilbodet være på Årdalstangen to ganger i veka, men det endret seg i løpet av kort tid. Og kan vi trygt sei at styret sin beslutning om å gi G14 tilbod her i Øvre var avgjerande, for at så mange gutar har meldt seg på. Resultat messig ligg vi i tett med topplaga i puljen vår. At vi står så langt framme er utrolig, med tanke på at de elste gutane ikkje trente håndball førre sesong. Vi fikk rundt 100 tilskuarar på kampen vår mot Sogndal på heime bane som er bare fantastisk. Gutane er lærevillige og ønsker å lykkast og har god mulighet til å kvalifisere seg til sluttspillet til våren. Dette viser at det er fullt mulig å utvikle gode gutespellarar hvis ein vil. Vi har spelt ein del treningskamper mot Jenter 14/15. Det virker som ein god utviklings arena for begge lag. Når det gjelder foreldregruppa så har vi mange positive og flinke foreldre med oss som gjer ein utrolig god jobb. Vi som jobbar rundt dette laget konkluderer med at nærtilbudet er heilt avgjerende, for å få med seg flest mulige i kvart kull.

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308

BSM

## G15

## Trenar med Åtil



**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308

*Bente S Myrland*